



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1689 - 14/8568

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
08.04.2014

## Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 140/14 Erstad

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) og veglova, og om løyve til tiltak for oppføring av støttemurar på bustadeigedom. Saka som vart lagt fram for utvalet var søknad om dispensasjon frå LNFR i kommuneplanen. Det meste av tiltaket er i strid med byggegrensa mot kommunal veg i, som er 15 m frå vegmidte i uregulert område. Teknisk drift har handsama denne dispensasjonen etter veglova i eige vedtak.

### Tiltaket er to støttemurar:

Den eine er 18,4 m lang og 0 – 1.8 m høg, med avstand ca 3 m frå vegmidte.

Den andre er 55 m lang og 2,5 – 3,3 m høg på ein stor del av muren, med avstand 5,4 – 12,7 frå vegmidte, til han knekker bort frå veggen og inn att mot huset.

Eigedommen Gbnr 140/14 er på ca. 1.667 m<sup>2</sup>. Bustaden ligg ca. 4,5 m frå kanten av kommunevegen på det nærmaste punktet. Eksisterande støttemur ligg ca. 1,5 m frå vegkanten.

### Plangrunnlag:

Gjeldande plan er kommuneplan av 2011. Arealføremålet er LNFR med høve til spreidd bustadbygging. I slike område opnar planen for godkjenning av mindre tiltak etter pbl § 20-2, som er mindre tilbygg og frittstående uthus/garasje. Støttemurar kjem ikkje inn under denne paragrafen. Dei skal handsamast etter § 20-1, og krev dispensasjon frå arealføremålet.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 02.04.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

### Vedtak Plan- og miljøutvalet - 02.04.2014:

PMU godkjenner søknad om dispensasjon frå Pbl. §11-6 for oppføring av mur i LNFR område iht. søknad.

Tiltaket må vere iht veglova og vedtak fra teknisk drift/etat.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket er i samsvar med andre tilsvarende tiltak i området og vil ikkje påvirke nærmiljøet negativt. Fordelane med dispensasjon er derfor større enn ulempene.

### **Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Sakspapir med ved vedtak i Plan- og miljøutvalet 2.4.2014  
140-14 Vedtak veglov  
140-14 sitpl teilningar  
Gbnr 140 -14 foto

### **Kopi til:**

Anne Merete og Bjørnar Solbakken	Erstadvegen 130	5911	ALVERSUND
Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

Postboks 7310  
Postboks 7900

5020  
5020

BERGEN  
BERGEN